



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Opplev barna i barnehagen mangel på
kjønnslikestilling?

Do the children in kindergarten experience lack of
gender equality?

Ida Petrin Heggheim

Kandidatnr. 201.

Barnehagelærerutdanninga, heiltid

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Sigrid Bøyum

Innleveringsdato 07.01.21

Innholdsliste

1.0 Innleiing	s.2
2.0 Teori	s.2-3
2.1 Noreg i verda	s.2-3
2.2 Kva er egentleg likestilling?	s.3
2.3 Arbeid med likestilling	s. 3-6
3.0 Metode	s.6
3.1 Intervju og respondentar	s.6-7
4.0 Empiri	s.8
4.1 Kva er likestilling?	s.8
4.2 Mangel på likestilling	s.8
4.3 Likestilt miljø	s.9-11
5.0 Drøfting	s.11
5.1 Kva er likestilling?	s.11-12
5.2 Mangel på likestilling	s.12-14
5.3 Likestillingsarbeid	s.14-15
6.0 Avslutning	s.16
7.0 Litteraturliste	s.17
8.0 Vedlegg	s.19

1.0 Innleiing

Temaet om kjønn og likestilling er noko ein støyter på i fleire kvardagssituasjonar. Likestilling mellom kjønna er eit tema som har vore ein stor del av samfunnsdebattar i ei årrekkje, og har gjort til at lover for å sikre likestilling har vorte danna. Vi har for eksempel barnehagelova som skal sikre tilstrekkeleg og godt arbeid i barnehagane. Her står det blant anna at barnehagen skal fremje likestilling og demokrati og motarbeide diskriminering (Barnehageloven, 2005, §1). Barnehagane skal også følgje eit eige rammeverk for å sikre kvalitet i barnehagen. Rammeplanen for barnehagen har eit eige avsnitt der det kjem fram at barnehagen skal fremje likestilling og likeverd uavhengig av blant anna kjønn (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Kan ein oppleve mangel på likestilling mellom gutane og jentene i barnehagen, sjølv om det er nedfelt i lova at det ikkje skal skje? Eg tenkjer på om dei vaksne møter barna ulikt på tvers av kjønn i ulike kvardagssituasjonar, om barna får ulike tilbod til leikar og aktivitetar eller at dei vaksne har ulike haldningar og forventingar til gutane og jentene. Dette har eg sett nærmare på ved hjelp av ulik teori og gjennom intervju av pedagogar.

Temaet kjønn og likestilling er eit tema eg brenn for. Stereotypar og tradisjonelle kjønnsroller er noko ein endå kan sjå i dei ulike barnehagane. Eg lurar på om dette kan påverke barna på noko måte.

I løpet av fleire praksisperiodar har eg støytt på ulike situasjonar som i mine auger viser at ein fortsatt kan oppleve mangel på likestilling mellom jenter og gutar som går i barnehagen.

I neste kapittel viser eg til teori i tråd med problemstillinga mi, likestilling hjå barna i barnehagen.

2.0 Teori

2.1 Noreg i verda

For å sjå på om barna opplev mangel på likestilling i barnehagen vil eg først sjå nærare på likestillinga i Noreg er generelt. Noreg er eit av landa som ligg i toppen av likestillingsstatistikken (World Economic Forum, 2020). Vi har lov om likestilling og forbod mot diskriminering. I følgje denne lova meinast likestilling å vere likeverd, like moglegheiter og like rettigheter (Likestillings- og diskrimineringsloven, 2017, §1). I tillegg til lovene vi har i Noreg, har også FN- sambandet 17 bærekraftsmål. Eit av desse måla er likestilling mellom kjønna. FN skriv at likestillinga er ein menneskerett som handlar om å gi kjønna dei same rettighetane og moglegheita til å bestemme over sitt eige liv. Eit mål for FN er å avskaffe diskriminerande ordningar og gi kvinner tilgang til helsetjenester, arbeid, utdanning og juridiske rettigheter. FN ser på dette som naudsynt for utviklinga i eit land (FN, 2020). FN skriv at dei ser framgang i likestillinga mellom kjønna, men ikkje nok. Noreg har kome lenger i likestillingsarbeidet enn fleire land i for eksempel Asia og Afrika m.m. FN meiner at kjønnsdiskriminering også kan få sosiale og økonomiske konsekvensar for utviklinga av

eit land, og at arbeidet for likestilling ikkje berre er ein kamp for kvinner sine rettigheter, men at det også kan skape ein samfunnsøkonomisk gevinst (FN, 2019).

2.2 Kva er egentleg likestilling?

Likestillinga i heimen kan vere annleis enn det ein ser på som likestilling i barnehagen. I heimen er likestillinga gjerne knytt til ideologiar og praksis i forhold til arbeidsfordeling i heimen. (Askland & Rossholt, 2009). Barnehagen er ein offentlig institusjon, som betyr at samfunnet kan stille etiske og normative krav til innhaldet. Rossholt meiner det kan vere ulike oppfatningar om kva likestilling i barnehagen kan vere for noko. I barnehagen handlar likestilling mykje om synet på menneska, jenter, gutar, menn og kvinner. Ho skriv at det kan vere både å gi like moglegheiter til kjønna, og å ha respekt for ulikeheit. (Askland & Rossholt, 2009). (Askland & Rossholt, 2009). Barnehagen har også eit rammeverk for å sikre likestillinga til barna. I rammeplanen står det at barnehagen som verksemd skal byggjast på prinsippet om likestilling og ikkje- diskriminering. Det står også at barnehagen skal bidra til at barn både møter og skapar eit likestilt samfunn. Barna skal få like moglegheiter til å verte sett, høyrd og til å vere deltakande i alle aktivitetane i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017). Rossholt meiner at likestilling mellom gutar og jenter i barnehagen handlar om blant anna lik rett til utstyr, til rom ute og inne og om hjelp og rettleiing og støtte frå personalet (Askland & Rossholt, 2009). I rammeplanen vert likestilling forankra i verdigrunnlaget til sjølve barnehagen.

Rossholt skriv at «Likestilling handlar om å ha rett til å bli sett og hørt og til å delta i fellesskap i alle aktiviteter i barnehagen uavhengig av hvilket kjønn barnet har» (Askland & Rossholt, 2009, s. 20). Ho meiner at likestillingsomgrepet ofte er knytt til mennesket sin rett til å uttrykke seg (Askland & Rossholt, 2009). Ho skriv at likestilling handlar om å verte sett og høyrd, og verte sett og anerkjent på komplekse og ulike måtar. Ho meiner at undersøking av likestilling handlar mykje om å telle kor mykje jenter og gutar vert sett og høyrd, og at dette kan verte utfordra ved å sjå på kva merksemd dei får. Ho meiner ein bør stille seg spørsmål ved kvifor ein gut eller ei jente får mykje merksemd. Om det er positiv eller negativ merksemd. Får barnet kjeft kvar gang det blir sett eller høyrd, vert det annleis dersom dei får anerkjenning kvar gong dei vert sett eller høyrd. (Askland & Rosshold, 2009).

2.3 Arbeid med likestilling

Ingerid Bø skriv at det likestillingspedagogiske arbeidet i skulen og i barnehagar stort sett avhengar av at det er ein eller fleire eldsjeler som er engasjerte (Bø, 2014). Ho stiller også spørsmålet om grunnen til at likestillingsarbeidet har lav prioritering kan forklarast med at feltet er uklart og vanskeleg å gripe tak i. (Bø,

2014). Bø skriv at mangfald er eit godt omgrep i likestillingsarbeidet for å sikre at begge kjønna får ein brei kompetanse, og for å ikkje verte låst i tradisjonelle kjønnsgrenser. Ho meiner at ein ikkje treng å sikte mot at kjønna skal verte heilt like, men at dei skal få eit rikt utval av valmoglegheiter for kvar enkelt. Bø skriv også at dei to kjønna skal stillast likt når det gjeld moglegheit til å verte sett, høyrd og til å få velje. Bø håpar å skape ein betre plattform for trivsel og utvikling ved å bryte oss ut av dei innsnevra tradisjonelle kjønnsrollene. (Bø, 2014). Rossholt og Askland skriv at ulike tradisjonelle kjønnsrollemønster ser ut til å vere godt festa i kulturen. Dei meiner at det kan vere vanskeleg å handle på kryss og tvers av desse mønsterna. Dei seier at det er viktig med ein auka refleksjon hjå personalet for å behandle barna ulikt uavhengig av kva kjønn det er (Askland & Rossholt, 2009).

Rossholt skriv at personalet i barnehagen har ei makt til å vere med på å gi moglegheiter til å skape seg sjølv som jente og gut på mangfaldige måtar. Ho meiner at vi skal tenkje meir over korleis ein kategoriserar jenter og gutar og praksisen deira (Askland & Rossholt, 2009). «Vi er alle mer enn kjønn. At jeg er mann, er underordnet når jeg skal beskrive meg, mine interesser, mine evner osv.» skriv Askland (2011, s. 126). Han meiner at det ikkje er han biologiske kjønn som bestem noko om kven han er. Mette Vaagan Slåtten skriv at det vert ikkje rett å sei at nokre bestemte eigenskapar er noko alle menn har. Slike generaliseringar som bygger på nokre felles erfaringar om det biologiske kjønn og det sine eigenskapar, vil vere med på å skape forventingar (Slåtten, 2013). Bø skriv om sosial konstruksjon, eit omgrep som handlar om at vi dannar eller konstruerar vår eigen måte å vere gut eller jente på. Ho meiner at dersom vi seier og gjer «det rette», altså det som vert forventa av oss, vil vi kjenne oss tryggare enn ein hadde gjort om ein bryt med normene. Ho skriv at anerkjenning og bekreftelse frå omgjevnadane kan kjennast tryggande, og at vi har ein tendens til å gjere meir av det same av denne grunn (Bø, 2014).

Leif Askeland meiner at personalet i barnehagen må vere reflekterte over eigne haldningar for å kunne på best måte formidle og fremje likestilling og likeverd (Askland, 2011). Askland skriv at i intervjuet hans trakk både kvinner og menn fram erfaringar frå heimen deira, både den dei levde i vaksen alder og i barndomen. Han meiner ein skapar ei oppfatning av likestillingsideal gjennom speglingar av eigne erfaringar frå heimen (Askland & Rossholt, 2009). Askland og Rossholt meiner at med intervjuet sine som grunnlag kan ein påstå at erfaringar frå oppveksten er viktige faktorar i forhold til ei subjektiv forståing av likestilling som omgrep og fenomen. Dei tilføyrer at oppveksten og dermed erfaringane skjer i eit mangfald av kontekstar, tider og stader. Det kan vere heimen, barnehagen, skulen, nærmiljøet eller blant anna media som påverkar synet på korleis ein som menneske og kjønn kan utnytte sine optimale moglegheiter. (Askland & Rossholt, 2009).

Kunnskapsdepartementet la ut ein handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnsopplæring for 2008-2010. I fororda skriv Bård Vedar Solhjell at barn treng å sjå at både kvinner og menn er visere omsorg og er deltakande i barnehagen sine aktivitetar. Han meinte at likestillingsarbeidet krev handling «her og no», i samspel med eit langsiktig og systematisk handlingsarbeid. Han skreiv også at målet med handlingsplanen var å bryte med dei synlege og usynlege barrierane som har vorte eit hinder i yrkesvala til jenter og gutar (Kunnskapsdepartementet, 2008). Rossholt og Askland skriv om handlingsplanane og meiner at omgrepa likestilling og likeverd sidestillast i den tidlegare handlingsplanen frå 2004- 2007. Dei skriv at i følgje den nyaste handlingsplanen skal likestilling integrerast i den daglege verksemda gjennom rammeplanen for barnehagen, læreplanar for grunnsopplæringa og opplæringslova (Askland & Rossholt, 2009). Askland skriv at barnehagane har eit ansvar å ta i bruk og følge opp temaet ved å lage eigne planar for likestillingsarbeidet. (Askland, 2011).

Bø skriv at observasjonar gjort av både forskarar og praktiskarar viser at fleire tilsette i barnehagar let gutar både velje aktivitetar og gå ut først. Grunnen til dette var at overgangane gjekk smidigare dersom gutane fekk kome seg i gang med ein ny aktivitet, då dei var sett på som meir utålmodige og bråkete enn jentene. Det vart også sagt at det var lettare å be jentene vente, og at det vart færre konflikter dersom ein ikkje forventa like mykje tålmodigheit hjå gutane, noko personalet såg på som ein fordel (Bø, 2014). I rammeplanen står det at «Personale skal være bevisst på og vurdere egen rolle og deltakelse i barnas lek» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 21). Dette står under overskrifta «Barnehagen skal fremje danning» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 21). Under denne overskrifta står det også utfyllande at barnehagen skal vere med på å fremje samhald og solidaritet i tillegg til å verdsette og følgje opp individuelle uttrykk og handlingar. (Kunnskapsdepartementet, 2017). Bø skriv at eit omgrep ein treff på når ein ser på kjønnslikestilling er *sosial konstruksjon*. Ho skriv at ein konstruera ein måte å vere jente eller gut på gjennom det vi seier og gjer. Ho meiner ein kjenner seg tryggare når ein føl dei normene og stereotypane som er venta av oss, enn når ein bryt med dei. Bø skriv at ein kanskje kjenner seg tryggare når ein får anerkjenning og bekreftelse av omgjevnadane, og at ein då har ein tendens til å gjere meir av det same (Bø, 2014). Bø meiner det er utbreidd hjå pedagogar å meine at dei behandlar gutar og jenter likt, og at kjønn ikkje betyr noko for arbeidet deira. Ho nemner også omgrepet *kjønnsblind*. Ho skriv at kjønnsblindheita handlar om at ein ikkje ser korleis situasjonane rundt oss påverkast av kjønn, og blinde for kva vi sjølve gjer. Bø meiner også at fleire pedagogar vil sjå at dei også har ulike forventingar til jenter og gutar dersom dei gjennomfører observasjonar gjennom videoopptak (Bø, 2014).

I handlingsplanen for likestilling, som eg tidlegare nemnde, vert mangel på menn i yrket også teke opp. Solhjell skriv i fororda at barn treng både kvinnelege og mannlege rollemodellar. Han skriv vidare at barnehagebarn bær få erfaringar med at både kvinner og menn tek del i omsorga og aktivitetane i barnehagen. Han fortel at regjeringa sette som mål at 20% av dei tilsette skulle vere menn

(Kunnskapsdepartementet, 2008). Bø nemner nokre argument for å få fleire mannlege tilsette inn i barnehagen. Ho meiner at det trengst med for å vise at dei også kan arbeide med barn, omsorg og undervisning. Ho seier også at fleire menn i barnehagen vil bidra i riktig retning for å endre kjønnsstereotypiske forventingar som for eksempel at kvinner er mest egna som omsorgspersonar i barnehagen. Ho skriv også at det kan utvide synet på kjønna sine ferdigheiter, moglegheiter og interesser (Bø, 2014). Rossholt og Askland (2009) skriv at ein god mannleg rollemodell i barnehagen er ein som kan vise omsorg. Dette meiner dei kjem tydeleg fram i offisielle dokument. Dei skriv at det vert oppfatta som utradisjonelt at ein mann å gjere kvardagslege omsorgshandlingar. Dei oppfattar at mannen i barnehagen er forventa å vere både utradisjonell og tradisjonell. Dei meiner at det i tillegg til det utradisjonelle, signaliserast det at menn også skal tilføre noko anna i barnehagen enn det kvinnene tradisjonelt gjer.

3.0 Metode

Metode er reiskapen vi brukar for å samle inn data (Dalland, 2017). Når ein skal velje metode er det viktig å velje i tråd med kva du skal undersøkje. Ein kvalitativ metode vil fange opp meiningar og opplevingar som ikkje den kvantitative metoden vil plukke opp (Dalland, 2017, s. 52). Den kvantitative metoden gjev gjerne fleire svar for å rekne prosentar eller gjennomsnittet av noko (Dalland, 2017). Denne metoden vert ofte brukt i spørjeundersøkingar for utvikling av statistikkar, med indirekte kontakt med dei som svarar på undersøkinga. Eg valde å ta i bruk den kvalitative forskingsmetoden, og intervjuar 3 pedagogar. Eg tenkjer at ved bruk av den kvalitative metoden fekk eg gå meir i djupna og spørje fleire spørsmål enn eg ville gjort i ei kvantitativ undersøking. Det som eg tenkte kunne vere ulempa med forskingsmetoden eg valde er at eg fekk færre synspunkt enn eg hadde gjort i ei kvantitativ undersøking. Etter eg utførte intervjuar skjønnte eg at dei tre respondentane hadde mykje gode synspunkt å komme med, og eg tenkjer at eg fekk meir ut av 3 kvalitative intervju enn fleire kvantitative.

3.1 Intervju og respondentar

Samtale og er eit viktig reiskap i forskingsarbeid. Olav Dalland skriv (2017) at intervjuaren vert som eit instrument. Du får svar ut i frå spørsmåla dine, og tolkinga og oppfatninga du gjer deg er avgjerande for resultatet (Dalland, 2017). Når eg skal intervjuar kan eg ikkje berre tolke det som vert sagt, men også metakommunikasjonen til respondenten, i følgje Dalland. Dette kan vere mimikk, tonefall, eller andre ting som kroppsspråket til respondenten fortel, utover det verbale. (Dalland, 2017, s.67). For eksempel kan sarkasme, ironi, hermeteikn og andre formar for kommunikasjon som ikkje samsvarar med det verbale, verte teke i bruk.

Ein kan gjere eit intervju på fleire måtar, anten å lage spørsmål på førehand eller å lage ei samtale med intervjuobjektet ut frå eit tema. Eg valde å lage ferdige spørsmål slik at eg kunne spørje dei same til alle respondentane, og få ulike svar ut frå like spørsmål.

Eg vel å bruke omgrepet respondent, då det vert forklart som ein person som svarar på spørsmål (Dalland, 2017, s. 65). Eg vil også bruke kodane R1 for respondent 1, R2 for respondent 2 og R3 for respondent 3 for å gjere empirien ryddigare og enklare å lese, og for å behalde anonymiteten til respondentane.

R1 (Respondent 1): Er ein 36 år gammal mann med 3 års erfaring som barnehagelærer og 7 års erfaring som pedagogisk leiar. Han har erfaring frå både storbarns- og småbarnsavdeling.

R2 (Respondent 2): Er ein 31 år gammal mann med 7 års erfaring som barnehagelærer og pedagogisk leiar. Han har erfaring frå både storbarns- og småbarnsavdeling.

R3 (Respondent 3): Er ei 33 år gammal kvinne med 7 års erfaring som barnehagelærer og pedagogisk leiar, og nokre år med erfaring som assistent. Ho har erfaring frå både storbarns- og småbarnsavdeling.

Eg tok kontakt med to pedagogiske leiarar som eg har kjennskap til i praksissamanheng og spurde dei personleg om dei var interesserte i å verte intervju. Den siste respondenten vart eg tipsa om, og har ikkje noko tidlegare kjennskap til. Eg fortalde dei om tema og problemstillinga før eg gjennomførte intervju med dei tre respondentane. Eg utførte ein pilotstudie med R1 i forkant av intervju med R2 og R3, og har valt å ta den i bruk også. Dette gjorde eg for å prøve ut spørsmåla eg hadde laga. Eg avtalte både med respondenten og retteleiar på førehand at eg ville ta i bruk pilotstudien i sjølv undersøkinga, dersom eg vart nøgd med korleis spørsmåla fungerte. Grunnen til at eg ville ta i bruk pilotstudien også, er på grunn av pandemisituasjonen som gjer det vanskelegare å finne villege respondentar som har tid til overs. I tillegg gjer situasjonen det vanskelegare å besøkje barnehagane for å intervju, grunna hygienetiltak og restriksjonar. Eg valde å ikkje endre spørsmåla frå pilotstudiet då eg fekk gode og utfyllande svar. Eg fekk intervju både R1 og R2 ansikt til ansikt, medan R3 fekk eg intervju over videokonferanse. Eg tykte det var mykje enklare å intervju når både eg og intervjuar var tilstades i eit fysisk rom, då det var lettare å forstå dynamikken i samtala. Det var også veldig greitt å sleppe å vere avhengig av noko teknikk, som eg var i intervjuet med R3. Det vart fleire brot i intervjuet med R3, på grunn av internettet. Brota prega flyten av samtala, og vart til ein distraksjon. Trass brot i samtala fekk vi gjennomført intervjuet.

4.0 Empiri

Eg gjennomførte tre intervju med tre ulike pedagogar, men med identiske spørsmål (Vedlegg 1). Eg spurte konkrete spørsmål for å finne ut av problemstillinga mi, om barn opplev mangel på likestilling i barnehagen. Her legg eg fram svara eg fekk av respondentane.

4.1 Kva er likestilling?

Det første eg spurte var korleis dei ville definere omgrepet likestilling. Svara eg fekk var ganske like, og dei var inne på mykje av det same.

R3 meinte at likestillinga handlar om å gi og få like moglegheiter, uavhengig av kva kjønn ein er. Det kan vere dei same moglegheiter til omsorg, deltaking i aktivitetar, tilgang til leikar, same moglegheita til deltaking, utvikling og å kjenne meistring. R1 svarde kort og greit at likestillinga handlar om at ein uavhengig av kjønn skal få dei same moglegheitene. «Eg tenkjer at likestilling handlar om likeverd» svarde R2. Han fortset med å utdjupe at alle mennesker er like mykje vert og at ein på tvers av tvers av blant anna kjønn, etnisk bakgrunn og trusretning skal få tilgang til dei same moglegheitene. Dei tre respondentane er tydelig samde om at likestillinga byggjer på at gutar og jenter skal få dei same moglegheitene.

4.2 Mangel på likestilling

Eg spurde respondentane også kva som kan gjere at det vert mangel på likestillinga til barna i barnehagane. R2 meinte at noko som kunne føre til mangel på likestilling var at ein passa meir på om jentene skal klatre i tre, eller at ein tenkjer på jentene som meir sarte og sensitive. Her kom R1 med eit liknande eksempel om at det stereotypiske synet på korleis jenter skal vere kan vere ein faktor. Han nemnde at det kunne vere farleg å berre skulle sjå på jentene som rolege, at dei skal vere stille, meir sett og mindre høyrd og gjerne raskare korrigerer enn gutane dersom dei hevar volumet. R2 meinte også at innspel frå andre kulturar som har sterkare kulturelle formeiningar om korleis jentene og gutane skal opptre og leike i barnehagen kunne påverke likestillinga. For eksempel at jentene ikkje skal vere ute å leike å verte skitne, at gutane helst berre skal vere ute å leike og at kjønna ikkje bør leike saman. R3 meinte mangel på likestilling i barnehagen kunne grunnast dei vaksne sine haldningar og verdiar, korleis ein møter barna, og kor bevisste personalet er i likestillingsarbeidet. Ho nemner også at tilgjengeligheta av leikar og kva leikar ein tilbyr barna kan vere ein faktor. Ho seier også at personalet i ein barnehage gjerne tek med seg erfaringar og normer frå sin eigen bakgrunn og barndom, og at det gjerne har laga eit grunnlag for korleis ein møter og opplev barna. Ho meiner det er viktig å arbeide med haldningane og verdiane til personalet og verte einige om korleis ein saman skal ta stilling til kjønnsdebatten og likestillinga.

4.3 Likestilt miljø

Eg spurde korleis ein kan skape eit likestilt miljø i barnehagen. Også her vert moglegheiter nemnd. R2 seier at det er viktig å ha fokus på personen og ikkje kjønnet. Han seier at ein skal legge til rette for at alle skal få dei same moglegheitane, uansett kva kjønn ein er. Han meiner også at det må skrivast ned og forankrast i planar. For å arbeide med likestilling og sørgje for eit likestilt miljø i barnehagen meiner R3 at ein må fordjupe seg i dei vaksne sine haldningar, og ha eit bevisst forhold til dei ulike måtane å leve på og å vere jenter og gutar på. R1 meiner at ein skal skape moglegheiter, og ikkje begrense nokon på bakgrunn av kjønn. Han seier at jentene må for all del berre springe rundt og klarte, og gutane må gjerne leike med dokker og kjøkken om dei vil det. R2 seier at ein bør behandle ungane likt ut i frå dei føresetnadane dei har. R3 meiner at etter kvart som samfunnet er i endring må ein tørre ta meir av samfunnet inn i barnehagekvardagen. Rett og slett at barnehagen må endre seg i tråd med samfunnet. Ho vil ha ein reflekterande praksis der ein også kan diskutere kva ein har med seg i sin eigen «ryggsekk» og kva utfordringa ein kjenner på.

Eg spurde korleis respondentane arbeidde med likestilling som tema i personalet. R2 sa at han opplevde at likestilling burde vere eit like aktuelt tema i personalet som i barnegruppa. Barnehagen er endå eit kvinnedominert yrke og han opplev at det vert forventa av menn å gjere det typiske tradisjonelle herrearbeidet, som for eksempel å måke, eller å bygge ting med barna. Han seier også at likestillinga ikkje er eit tema anna enn når slike situasjonar har vorte tekne opp. Då har alle vorte einige om at arbeidet skal vere likestilt, og alle i personale lyt gjere arbeid som sjåast på som typisk kvinne- og mannsarbeid. Han seier at ein skal begynne likestillingsarbeidet med seg sjølv, men at ein også må vere flinke til å rettleie kvarandre. R1 meiner at likestillingsarbeidet vert litt gøymt og gløymt i blant andre punkt ein har å fokusere på frå rammeplanen. Han meiner at det er eit viktig tema, men at det er vanskelig å halde fokus på eit tema heile tida. R3 opplev at det ikkje vert jobba så mykje med likestillinga i personalet direkte, og seier at omgrepet likestilling vert alt for lite brukt i praksis. Ho nemner at dei likevel jobbar med å fremje verdiar som likeverd, respekt, omsorg for andre og respekt for ulikskap, alle dei grunnleggande verdiane som rammeplanen bygger på. Ho seier at det vert teke opp som eit tema eit par gongar i året, og jobbar med det sjølv om ein ikkje set så ofte ord på det.

R1 fortel at dei deler inn i jente- og guttegruppe ein gong i veka, som ein del av likestillingsarbeidet i avdelinga. Grunnen til dette er at begge kjønna skal få tilgang til dei leikane dei ynskjer på avdelinga, utan å verte rettelia av det andre kjønn. Dei legg ikkje nokon føringar for kva leikar barna skal bruke i gruppene, men dei deler opp slik at jentene er ute når gutane er inne og omvendt. R2 fortel at avdelinga hans også

brukar å ha jente- gutegrupper. Han seier at dei frigjer dei stereotypiske jente- og guteleikane frå det kjønnet som hovudsakleg leikar med dei slik at det andre kjønnet slepp betre til. Han har opplevd at det er svært relevant for dei eldre barna som har fått ein del leikekunnskapar. Han nemner at jenter gjerne meistrar avansert rolleleik betre enn gutar, noko som kan vere utfordrande for gutar som gjerne også vil leike med dokker og kjøkken. Han seier at gutane gjerne vert de motiverte dersom dei vert korrigerde av jentene om korleis dei skal leike med kjøkkenet og dokkene. Det same skjer den andre vegen når jenter vil leike med for eksempel bilar, som vert sett på som ein stereotypisk guteleike. R1 nemner at gute- og jentegrupper ikkje høyrer ut som eit likestillingstiltak, men at det verkeleg er det. Han meiner at ved å gjere leikane tilgjengelege og gi kjønna moglegheita til å utfolde seg i alle leikane, så viskar ein ut dei tradisjonelle kjønnsrollene i leiken.

Eg spurde respondentane om dei tek i bruk adjektiv som stereotypisk er knytt til kjønn. R1 sa at slike adjektiv heilt klart vart brukt i barnehagen, og at dette var eit tema dei hadde prata om. Han meiner ein ikkje skal ha fokus på det materielle som barna har med seg, men personen. R3 seier at dette er noko ho er veldig bevisst på, og gjer sjeldan. Ho seier at ho prøvar å rose barnet som person i staden for å kommentere kva dei har på seg. Ho seier at ho brukar ordet «kul» til både gutane og jentene. Ho brukar også andre ord for å beskrive dersom barna spør om det dei har på var fint. Ho seier at ho då brukar adjektiv som «fargerik» for å beskrive, og at ho unngår spesielt adjektivet «fin». Ho seier sjølv at ho prøvar å trekke fokuset vekk på at barna skal ha bekrefting frå dei vaksne om dei har fått noko nytt og fint som dei har på i barnehagen. Ho fokuserer då på å setje fokus på at barnet sjølv likte den.

R1 seier at adjektiv av og til har vorte brukt som ein form for «ice breaker», og at stereotypisk difor vert brukt somme tider når ein tek i mot barna. Han seier at han gjerne har brukt slike adjektiv, og reflektert over det i ettertid. R2 seier også at han gjer det og at han prøvar å verte betre men at det ikkje er så lett. Han seier at han kan finne på å spørje barna om dei vil hjelpe han å bære noko, fordi dei er så sterke, men at han i større grad spør gutane.

Då eg spurde om dei hadde behandla barna ulikt på bakgrunn av kjønn svarte to av respondentane ja. R2 meiner det er fort å behandle jentene med meir tolmodigheit fordi dei ofte er lettare. Han legg til at anna enn det behandlar han barna veldig likt, og meir på individnivå. Han seier han har erfart at synet på barna og likestillinga har endra seg mykje i løpet av dei siste ti åra. R1 meiner at alle har nok behandla barn ulikt på bakgrunn av kjønn ein eller anna gong. Han fortel også at det har vore eit tema i personalmøter, og at dei prøvar å unngå at det skal skje. Han seier også at han kjenner at etter nokre år i barnehagen så ser han meir på personen enn kjønnet. R3 meiner at ho ikkje har behandla barn ulikt på bakgrunn av kjønn. Ho seier ho er oppteken av å kartlegge kva kvar enkelt barn trenger, og vel gjerne det barnet som treng ho

mest. Ho seier at ein av dei viktigaste jobbane i barnehagen er å gi reguleringsstøtte til barna med for eksempel lav impuls kontroll som kan generere mykje uro i gruppa.

R2 seier han også opplev at kollegaer behandlar barna ulikt på bakgrunn av kva kjønn dei er. Han nemner at han har sett mangel på likestilling i forhold til kva leikar og aktivitetar som barna vert bydd på, og at dei ofte får tilbod på bakgrunn av kjønn. Han har opplevd for eksempel at maleaktivitetar berre vert bydd jentene, medan gutane kan gå ut. R2 nemner at dette kan vere på grunn av kulturelle føresetnader og andre syn på barna også, då ulike kulturar vert representerte i personalet. Han fortel at dette er noko personalet har teke opp på møter, og dei prøvar å gi alle barna dei same tilboda. R1 seier han opplev at jenter ofte får meir sympati og raskare hjelp om dei fell. Han seier at gutane oftare får eit «det går fint, berre røys deg» enn jentene. Han legg til at han tenkjer at personalet i barnehagen har ulike syn på barna, og at dette er bra. R3 fortel at ho har opplevd kollegaer som tykkjer jentene er meir behagelege å vere med fordi ein har ein tanke om at dei er rolegare. Ho nemner at ho også har opplevd det motsette, at nokon heller vil vere med gutane fordi jentene har meir dramatisk leik. Gutane styrar seg sjølv meir og ein slepp å mekle like mykje, hadde ho høyrte. Ho seier at det er viktig å arbeide med det du sjølv kjenner triggar deg. Ho meiner at dei stereotypiske haldningane kan forplante seg, og skape eit aukande problem som kan overførast til barna. Ho trur at dersom barna får høyre at «du er alltid så uroleg» so kan dette gjer at barnet trur det om seg sjølv.

5.0 Drøfting

I drøftingsdelen skal ein i følge Dalland diskutere funna sine med seg sjølv (Dalland, 2017). Eg har difor sett på samanhengen mellom teorien og funna mine. Her har eg samla dataet og kjeldene for å svare på problemstillinga mi, om barna i barnehagen opplev mangel på kjønnslikestilling i barnehagen. Eg har også brukt egne synspunkt for å drøfte, tolke og argumentere.

5.1 Kva er likestilling?

For å starte drøftinga vil eg med å sjå på sjølve likestillinga. Meinar respondentane at likestilling er det same som eg fann i teorien? I følge FN (2020) er likestilling ein menneskerett som skal gi både gutar og jenter like rettigheter og moglegheiter til å bestemme over sitt eige liv. Like moglegheiter og rettigheter verkar sentralt i dei fleste definisjonane som kom fram i teorien. Rossholt skriv om likestilling som respekt for ulikeheit, synet på menneska i tillegg til like moglegheiter, og rett til å delta i aktivitetar uavhengig av

kjønn. Dette kom også fram i svara frå respondentane. Respondentane meinte mykje likt om kva likestillinga betyr. Dei var einige om at likestilling går ut på like moglegheiter og rettigheitar og ikkje minst likeverd. Dette er noko som vert sett lys på i rammeplanen, der det står at barnehagane skal bidra til eit likestilt samfunn. Det står også at barna i barnehagen skal få like moglegheiter til å verte sett og høyrte, i tillegg til likt utgangspunkt for deltaking i dei ulike aktivitetane.

5.2 Mangel på likestilling

Ingerid Bø (2014) nemner hypotesa si om at likestillingsarbeidet har lav prioritering då det er eit uklart felt som kan vere vanskeleg å ta tak i. Fleire av respondentane sa at likestillingsarbeidet ikkje vart arbeidd med så jamt og trutt då ein gjerne har andre temaområder ein også skal fokusere på, og at det då rett og slett ikkje vert nok tid til å ta tak i likestillinga som eit tema. R3 nemnde at likestillingsomgrepet vart lite brukt i praksis, og at temaet vart teke opp eit par gongar i året. Ho meiner at dei likevel arbeidar med temaet sjølv om ein ikkje set ord på det. Sjølv om dei ikkje arbeidar med likestilling direkte, så jobbar dei med å fremje kvalitetar og verdiar som likeverd og respekt for ulikskap, og andre grunnleggande verdiar som rammeplanen byggjer på.

Det vert også nemnt at dei ulike syna og erfaringane som personalet i barnehagen har med seg og har opplevd kan verke inn på den manglande likestillinga. R3 meiner at personalet gjerne tek med seg erfaringar og normer frå barndom og oppvekst og at ein laga seg eit eige grunnlag for korleis ein både møter og opplev barna. Ho tenkjer at mangel på likestilling mot barna kan grunnast dei vaksne sine haldningar og verdiar. Askland og Rossholt (2009) fortel at påverkingar og erfaringar ein gjer seg i oppveksten er viktige faktorar for forståinga av likestilling.

Bø (2014) skriv om omgrepet kjønnsblindheit, at fleire pedagogar har ein tanke om at dei behandlar gutane og jente likt, og at kjønnet til barnet ikkje hadde betydning for det pedagogiske arbeidet. Ho skriv at kjønnsblindheit handlar om å ikkje sjå korleis kjønn påverkar dei ulike situasjonane rundt oss, og at ein difor vert blinde til kva vi gjer. Ho meiner også at opp til fleire pedagogar vil sjå ulike forventingar til gutane og jentene om dei utfører observasjonar, for eksempel gjennom videoopptak. R3 fortalde at ho ikkje behandla barna ulikt på grunn av kjønn, men heller at ho gjev meir merksemd til dei som har behov for det. Ho fortalde samstundes at ho nokre gongar tar seg sjølv i å bruke kjønnsstereotypiske adjektiv i møte med borna, men at det er noko ho er bevisst på og gjer sjeldan. Ho fortel at ho ser meir på barnet som individ enn på kjønnet. Ho nemner at ho kartla kvart enkelt barn for å kunne gi merksemd og reguleringsstøtte ut i frå behov.

Alle tre respondentane nemnde at dei hadde opplevd kollegaer som behandla barn ulikt på bakgrunn av kjønn, og to av dei meinte at dei sjølve hadde gjort det. R2 nemnde at dei ulike kjønna ofte vart tilbydd dei same aktivitetane og leikane, altså at jentene oftare vart tilbydd å male, medan gutane oftare fekk tilbod om uteleik. R1 opplevde at jentene ofte fekk meir sympati og hjelp opp dersom dei fell. Gutane får oftare eit «det går bra» dersom det same skjer med dei, meiner han. Ingerid Bø skriv om observasjonar og forskning som viser at fleire barnehagetilsette let gutane velje aktivitetar og gå ut før jentene. Dette var grunna at sei tilsette opplevde overgangane til og frå aktivitetane som smidigare dersom dei fekk komme seg i gong før jentene. R3 fortalde om kollegaer som helst ville vere med jentene då dei hadde gjort seg tankar om at dei var rolegare. Ho fortalde også om kollegaer som uttrykte at dei heller ville vere med gutane enn jentene fordi dei ofte var mindre dramatiske og styrte aktivitetane meir sjølv, medan jentene hadde ein meir dramatisk leik. Ho nemnde at ein då bør arbeide med det som triggjar ein mest. Ho nemner også at stereotypiske haldningar mot barna kan forplante seg og verte til ein realitet for barna. Det kan vere at eit barn får høyre at alltid er uroleg, og at barnet etter kvart begynner å tru på det.

R3 sine opplevingar med kollegaer sine preferansar strider i mot det R1 nemner som eit stereotypisk syn på jenter. Han nemner at jenter ofte vert sett på som rolege og stille, og at dei vert meir sett enn høyrtd i barnehagen. R2 fortel at det ofte er ein tanke om at jentene er meir sarte og sensitive enn gutane og at det kanskje er difor ein passar meir på når dei blant anna klatrar i tre. Han fortalde meg at han ofte var meir tolmodig med jentene enn med gutane, men at han stort sett behandlar ungane ganske likt, ut i frå individ og ikkje kjønn. Ingerid Bø nemner omgrepet sosial konstruksjon, altså at det vi seier og gjer vert oppfatta som rett i forhold til kva kjønn vi er. Desse oppfatningane av korleis eit kjønn skal vere vert generaliserande og feil, i følgje Slåtten (2013). Rossholt (2009) nemner også at likestilling inneber mennesket sin rett til å uttrykke seg på. Eg trur at i dagens samfunn finnest det større aksept for å uttrykke seg på, i alle fall i vårt samfunn. Eg oppfattar at det er meir akseptabelt å skilje seg ut og bryte med dei tradisjonelle rollene ein støyter på. R3 seier at ein bør ha eit bevisst forhold til dei ulike måtane å leve og å vere gut og jente på. R1 meiner ein heller skal skape moglegheiter og legge til rette for barna i staden for å begrense nokon for kva kjønn dei er.

Temaet spreiar seg breiare i verda og barna i barnehagen kjem nok til å støyte på det i framtida. Temaet kan vere greit for barna å få kjennskap til av denne grunn, men det kan vere eit vanskeleg og sårbart tema å arbeide med i barnehagen, spesielt dersom barnegruppa representerar fleire kulturelle bakgrunnar. At barnegruppa er representerte av ulike barn frå ulike kulturelle bakgrunnar var ein av faktorane som R2 nemne som kan gjere likestillingsarbeidet i barnehagen vanskelegare. Han fortalde om erfaringar med både kollegaer og barn med utanlandsk bakgrunn. Han fortalde at kollegaer frå andre land ofte har andre syn og

erfaringar på barn og likestilling enn det nordmenn sjølve har. Eg tenkjer også her at det kan vere lurt å ta opp temaet i avdelingsmøter, slik at alle i personalet kan verte kjende med det og få komme med eventuelle spørsmål i høve det. Eg tenkjer også at ein skal respektere andre kulturar og vidareføre kunnskap, i staden for å overrumple personalet med målsettingar og informasjon slik at dei kan kjenne seg belærte. R2 nemner også erfaringar med ein søreuropeisk familie som hadde ei jente og ein gut i barnehagen han jobba i. Dei hadde veldig strenge syn på korleis jenta og guten deira skulle oppføre seg, kven dei skulle leike med og kva kunne leike med. Jenta skulle helst vere inne og leike i dokkekroken, medan guten helst skulle vere ute heile dagen og herje.

5.3 Likestillingsarbeid

Likestilling er eit tema som vert sett meir og meir på dagsorden, og likestillingsarbeidet vert meir aktuelt. Bø (2014) vil skape ein plattform for trivsel og utvikling ved å bryte dei tradisjonelle kjønnsrollene. Då R1 og R2 fortalde om likestillingsarbeidet sitt med gute- og jentegrupper tenkte eg først at det høyrdest motsett ut. Kvifor dele jentene og gutane i ulike grupper heller enn å la dei leike i lag, tenkte eg. R1 forta at dei delte inn i desse gruppene slik at begge kjønna skulle få tilgang til leikane dei ynskte på avdelinga. Når gruppa med jentene er ute, så får gutane blant anna dokkekroken og kjøkkenkroken til disposisjon. Når gutane er ute får jentene meir med bilar og fjøs. R2 har også erfaring med desse gruppene og seier at dei frigjer dei stereotypiske gute- og jenteleikane frå kjønnet som brukar det mest, slik at det andre kjønnet kan sleppe betre til. Han opplever at jenter gjerne meistrar rolleleiken betre enn gutane, og at det hender dei korrigerer gutar som vil vere med på leiken deira. Det same hender når for eksempel jentene vil vere med i billeiken til gutane, meiner R2. Han seier at når leikane er tilgjengelege får barna moglegheit til å utfolde seg i den leiken dei ynskjer. Han meiner dette vil viske ut tradisjonelle kjønnsroller i leiken til barna. Eg tenkjer at denne typen likestillingsarbeid kan vere med på å viske ut den sosial konstruert måten å leike på, og kanskje skape nye måtar og leike på. Eg tenkjer likevel at det kan føre til konflikt når alle barna er tilstades igjen, og barna leikar ulikt med leikane. Eg tenkjer at det kanskje føre til meir korrigering då barna kan oppfatte at nokon leikar «feil» med dokkene eller med bilane. Rossholt (2009) skriv at tilsette i barnehagen har ei makt til å gi moglegheiter og til å skape seg sjølv som jente og gut på mangfaldige måtar. Ho nemnde også at ein bør tenkje meir over korleis ein kategoriserer jentene og gutane og praksisen deira. Eg tenkjer at likestillingsarbeidet med jente- og gutegrupper kan vere med på å gi barna meir tryggleik i leiken sin, og skape eit vidare syn på leiken og kva den kan verte brukt til. Det tenkjer eg kan vere fint for å slutte å kategorisere barna og praksisen deira. Som R3 seier, etter kvart som samfunnet endrar seg bør ein ta meir av samfunnet inn i barnehagekvardagen.

Eit viktig steg i arbeidet for eit likestilt miljø i barnehagen er å prate saman og verte einige innan personalet korleis ein saman skal ta stilling til kjønnsdebatten og likestillinga, meiner R3. Ho meiner også at det er viktig å arbeide og fordjupe seg jamleg med personalet sine haldningar og verdiar. R2 meiner at mål om likestillinga i barnehagen og på avdeling bør verte skrive ned for å kunne følge dei betre. Eg tenkjer også at dette er eit godt tiltak då det kan vere enklare å hugse dei ulike måla sine om ein ser dei svart på kvitt. Askland (2011) meiner at personalet må vere reflekterande over eigne haldningar i barnehagen, for å kunne formidle og fremje likestilling og likeverd på ein god måte, og at barnehagane bør ta i bruk temaet i ulike planar for likestillingsarbeidet. I tillegg til skriftelege planar bør mål om ein likestilt barnehage vere tema i fleire personalmøter eller avdelingsmøter, for å utvikle mål etter behov, samtale og verte einige om tiltak, for å integrere temaet i den daglege verksemda til barnehagen. Det kan også bli til at likestillingsarbeidet vert planar og mål, og at ein har for stort fokus på det skriftelege enn utføringa i praksis. Eg tenkjer det kan vere lurt å verte einige i personalet korleis ein skal arbeide med likestilling, ikkje berre ta det opp som eit tema. Eg tenkjer at det også kan vere lurt å ta opp som tema i avdelingsmøter for å følgje opp situasjonane og for at temaet ikkje skal verte gøymt og gløymt blant andre mål.

Dette er eit tema som er vorte arbeidd med i fleire år. Blant anna handlingsplanen for ein likestilt barnehage er det nemnt fleire mål for likestillingsarbeidet. Her vert det nemnt at det er ynskje om at 20% av personalet i barnehagen skal vere menn. Då eg spurde om likestillingsarbeidet i personalet svarde R2 at han tykte det burde vore eit like aktuelt tema her som i barnegruppa. Han opplevde at det var forventningar til at menn skal gjere det som vert sett på som typisk tradisjonelt herrearbeid. Han fortel at likestilling ikkje vert prata så mykje om anna enn når slike situasjonar vert tenke opp på møter. Han legg til at dei då har kome til einighet om at alle på arbeidsplassen er likestilte, og både kvinnene og menn må gjere arbeid som vert sett på som tradisjonelt og utradisjonelt for sitt kjønn. R3 fortalde også at temaet ikkje vart ofte diskutert i personalet. Rossholt og Askland (2009) nemnte også at menn møter motstridande forventningar som tilsett i barnehagen. Dei nemner at menn i barnehagen skal vere ein fordel for å vise at dei også kan vere omsorgspersonar, men at dei også møter ei forventning til å gjere mykje av det som vert sett på som tradisjonelt herrearbeid. Bø skriv at menn i barnehagen rollemodellar for barna og kan utvide synet på ferdigheiter, moglegheiter og interesser som er knytt til kjønn. Eg nemnde innleiingsvis at eg lurte på stereotypiske og tradisjonelle kjønnsroller kan påverke barna på noko måte. Eg tenkjer at det er fint for barna å få sett både menn og kvinner i eit omsorgsarbeid, men at det kan verke mot si hensikt dersom det er forventa at menn i barnehagen berre skal gjere tradisjonelt herrearbeid. Barna treng gode rollemodellar som viser at du kan vere kjønn på den måten du sjølv ynskjer, og ikkje innan for tradisjonelle kjønnsrollemønster. Eg trur at jenter har godt av å sjå kvinner i det som vert sett på som tradisjonelt herrearbeid, og at gutar har godt av å sjå menn i tradisjonelt kvinnearbeid.

6.0 Avslutning

Eg har sett på problemstillinga om barn i barnehagen opplever mangel på likestilling. Eg presentert ulike teori i tråd med temaet kjønnslikestilling, og lagt fram intervju med tre ulike pedagogar. Eg har sett på ulike definisjonar av kva likestilling er, både i teori men også kva pedagogane meiner det er. Eg har vist til teori, som viser at Noreg er eit av landa som ligg i verdstoppen på likestilling, og at likestillinga har vorte eit fokus i både lover og handlingsplanar for barnehage og skule.

Problemstillinga mi lyder som følgjande; opplev barn i barnehagen mangel på likestilling? Eg trur at ja, dei møter på mangel på likestilling, men eg ser også at likestillingsarbeidet er tidsaktuelt. Barn i barnehagen møter fortsatt syn på korleis ei jente og ein gut skal vere og leike, men samstundes er det også fokus på å bryte tradisjonelle kjønnsrollemønster. Likestillingsarbeidet har starta, men ein tenkjer nok at ein er komne lenger enn ein har. Fleire av respondentane meiner dei har sett barn verte behandla ulikt på bakgrunn av kjønn i barnehagen. To av dei nemner at dei sjølve kan ta seg i å bruke kjønnsstereotypiske adjektiv eller sjå på barna med eit sosial konstruert syn. R1 nemnde at alle har nok behandla barn ulikt på grunn av kjønn ein eller anna gong, men at synet på barn og likestilling at forandra seg i løpet av dei siste ti åra. Han, som fleire andre pedagogar, seier også at han ser meir på personen enn kjønnet, etter nokre år i arbeid. Askland skriv «vi er alle meir enn kjønn» (2011, s.126), og eg trur dette er og vert eit meir og meir aktuelt utsegn.

Vi har lover og rammeplanar som skal sikre at barn i barnehagen ikkje møter diskriminering, men likestilling og utvikling. Likevel tydar det på at likestillingsarbeidet vert valt vekk til fordel for andre fag- og satsingsområder. Fleire av respondentane meinte dei sjeldan hadde likestilling som tema. Eg trur Ingerid Bø (2014) er inne på noko når ho seier at likestillingspedagogiske arbeidet avhenger av engasjerte eldsjeler. Eg tenkjer også at det er slik i dei fleste områder, at det er ulike folk som har ulike tema sei brenn for. Det er nok desse som vert eldsjelene. Eg ser at likestillingsarbeidet bevegar seg sakte med sikkert framover i riktig retning. Pedagogane meiar dei behandlar barna ulikt ut i frå deira barnets behov i staden for ut i frå kjønn, noko eg tenkjer er positivt. Eg vil kalle likestillingsarbeidet eit endringsarbeid, noko som ikkje skjer over dagen, men over tid og med mykje godt arbeid.

7.0 Litteraturliste

- Askland, L. (2011) *Betydningen av det personlige i en likestillingspedagogikk: en tilnærming*. I Glaser, V. (Red.), *Barnehagens grunnsteiner : Formålet med barnehagen*. (S. 122-132.)Oslo: Universitetsforl.
- Askland, L., & Rossholt, N. (2009) *Kjønnsdiskurser i barnehagen : Mening, makt, medvirkning*. Bergen: Fagbokforl.
- Barnehagelova (2005) Loven om barnehager (LOV-2005-06-17-67) Henta frå <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64> 01.12.20
- Bø, I. (2014) *Kjønnsblind, kjønnsnøytral eller kjønnsbevisst: Pedagoger møter kolleger, barn og foreldre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2017) *Metode og oppgaveskriving* (6. utg) Oslo: Gyldendal Akademisk
- FN- sambandet (2019) Kvinner og likestilling. Henta frå <https://www.fn.no/tema/fattigdom/kvinner-og-likestilling> 13.12.20
- FN- sambandet (2020) Likestilling mellom kjønnene. Henta frå <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal/likestilling-mellom-kjoennene> 13.12.20
- Slåtten, M.V. (2013) Å lede en organisasjon med skjev kjønns sammensetning blant personalet. I Haugen, R., Lundestad, M., Slåtten, M., & Skogen, E (Red.)Å være leder i barnehagen (2. utg, s. 55-69). Bergen: Fagbokforl.
- Kunnskapdepartementet (2008) Handlingsplan for likestilling: i barnehage og grunnsopplæring 2008- 2010. Henta frå https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/likestilling/kd_handlingsplan-for-likestilling_web_09.08.pdf 07.12.20
- Kunnskapsdepartementet (2017) Rammeplanen for barnehagen: innhold og oppgaver. Henta frå <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-bokmal2017.pdf> 01.12.20
- Likestillings- og diskrimineringsloven (2017) Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (LOV-2017-06-16-51) Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-06-16-51> 04.12.20
- World Economic Forum (2020) *The global gender gap index ranking*. Henta frå <https://www.weforum.org/reports/gender-gap-2020-report-100-years-pay-equality> 04.12.20

8.0 Vedlegg

Dette er spørsmåla eg brukte i intervju med respondentane.

- Korleis arbeider de med temaet likestilling i bhg din/på avdeling di?
- Korleis vil du definere omgrepet likestilling?
- Kva tenker du kan føre til mangel på likestilling hjå barna i barnehagen?
- Korleis arbeider de med likestilling som tema i personalet?
- Kva kan barnehagen gjere for å skape eit likestilt miljø i barnehagen?

Forsking viser til at gutter får meir merksemd enn jenter i skulen og barnehagen.

- Korleis arbeider de i denne barnehagen med at jenter skal få like mykje taletid og merksemd frå personalet som gutane gjer?
- Korleis møter du gutane og jentene når det kjem i barnehagen om morgonen, i matsituasjonar, leikesituasjonar og andre aktivitetar?
(Korleis er blikket, stemma, merksemda di?)
- Kommenterar du nokon gong kva dei har på seg eller korleis dei ser ut? Brukar du Adjektiv som søt, kul, tøff
- Har du behandla barn ulikt på bakgrunn av kjønn?
- Har du opplevd at ein kollega behandlar barn ulikt på bakgrunn av kjønn? På kva måte.
- Kvar bør arbeidet om ein likestilt barnehage starte?
- Kva kjennskap har de til «Temahefte om likestilling i det pedagogiske arbeidet i barnehagen» av Nina Rossholt?